

Modalen kommune

Næringsfondet

5729 Modalen.

## **Forteljingar frå Modalen**

### **Bakgrunn**

Modalen kommune har ein lang tradisjon på å gje ut lokalhistoriske bøker. Desse har hatt stor verdi for mange og er ein fin måte å samle og dokumentere lokalhistoria vår. Den siste boka Modalen kommune gav ut, «Historia om sandnæringa i Modalen», vart ugjeven i 2017. Me var ansvarlege for å utarbeide sandboka.

Når me arbeidde med boka såg me at det var mange interessante historiar som me ikkje fekk plass til der, men som ville ha verdi for innbyggjarane i Modalen.

Me tok difor kontakt med Modalen kommune for å drøfte om dei kunne dekke utgiftene til ei ny bok, og så overta boka og alle rettigheter til den, etter same modell som med sandboka.

Me fekk klarsignal for det og starta opp for om lag tre år sidan. Då pandemien kom vart prosjektet sett på vent. Det var naturleg nok vanskeleg å arbeide med denne type bok utan å møtast fysisk.

### **Saka i dag**

I 2022 har me jobba godt med prosjektet og er no i sluttfasen av arbeidet. Me har vore så heldige å få med oss journalist Kjell Øvre Helland. Britt Farestveit skal redigera og stå for design av boka.

Dette blir ei bok som omhandlar korleis det var å bu og leve i Modalen i tida før, under og etter siste verdskrigen.

Bøker som fortel historia om bygda vår er viktige for å ta vare på identiteten vår. Bøkene kan og brukast i undervisning, marknadsføring og som gåver.

### **Kostnad med prosjektet**

Trykking	kr. 35 000,- eks mva
Redigering, design	kr. 20 000,- eks mva
Kjøp av foto	kr. 10 000,- eks mva
Reiseutgifter	kr. 5 000,- eks mva

Me søker med dette om at Modalen kommune dekkjer utgiftene til å få gjennomført bokprosjektet.

Modalen kommune har alle rettigheter til boka.

Vennleg helsing

Inga Jorunn Nåmdal

Bjørg Å. Øvre-Helland